



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Grete Haugan
Telefon: 57643141
E-post: fmsfgha@fylkesmannen.no

Vår dato
15.07.2011
Dykkar dato

Vår referanse
2011/402 - 461.5
Dykkar referanse

STX Norway Florø AS
Postboks 334
6902 Florø

STX Norway Florø AS – løyve til mudring og dumping av steinmassar. Vedtak om gebyr.

Fylkesmannen gjev løyve etter ureiningsforskrifta til mudring av steinmassar ved STX Norway Florø AS og dumping av massane ved Hesteneset i Flora kommune.

Gebyr for handsaming av søknaden er fastsett til kr 9800,-

Vi viser til søknad datert 25.01.2011 og tilleggsopplysningar gitt 22.02.2011.

STX Norway Florø AS har søkt Fylkesmannen om løyve til mudring av om lag 4000m³ steinmassar nord for dokken ved verftet for å auke djupna frå 7m til om lag 14m. Massane som skal fjernast er stein- og grusmassar som vart lagt i området i samband med utbygging av verftet si tørrdokk i 1993. Arbeidet skal gjennomførast med gravemaskin frå lekter. Massane var opprinneleg planlagt dumpa på nordsida av Langholmen i eit område som tidlegare har vore nytta som dumpeplass for steinmassar. Etter dialog mellom tiltakshavar STX Norway Florø AS og Flora Hamn KF er det blitt semje om å nytte massane til fylling i vik ved Hesteneset, då dette arealet skal fyllast ut i samband med bygging av kaianlegg.

Etter kapittel 22 i *forskrift om begrensning av forurensning* (ureiningsforskrifta), er mudring og dumping forbode utan at det er gitt løyve etter § 22-6 i denne forskrifta. Det omsøkte tiltaket kjem inn under definisjonen av mudring og dumping, og treng såleis løyve frå Fylkesmannen.

Søknaden har vore sendt til Flora kommune, Fiskeridirektoratet og Kystverket for eventuelle merknader.

Flora kommunen vurderer at planane om fylling ved Hesteneset er i samsvar med gjeldande kommuneplan, og har i vedtak 17.06.2011 gitt løyve til å nytte massane til utfylling i vika ved Hesteneset for bygging av kaianlegg.

Kystverket har vurdert søknaden ut frå opphavleg plan om dumping av massar ved Langholmen. Dei har ikkje komme med merknader til søknaden, og viser til Flora Hamn KF som rette myndigheit. Saka er ikkje sendt på ny høyring i og med at det er Flora Hamn KF som har teke initiativ til alternativ deponiplass ved Hesteneset.

Fiskeridirektoratet har gitt ny uttale til søknaden 14.07.2011, etter at område for dumping av massane vart endra. Dei har ingen merknader til denne endringa og ser positivt på at

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Ora.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

steinmassane vert nytta til utbygging av kaianlegg. Uttalen er gitt med bakgrunn i dei opplysningane Fiskeridirektoratet har om fiskeri- og akvakulturinteressene i området.

Fylkesmannen sine vurderingar og grunngjeving for avgjerda.

Ut frå dei opplysningane som er gitt i samband med søknaden og film av massane teke opp med undervasskamera, vurderer vi dei miljømessige ulempene av tiltaket som små. Arbeidet skal skje i eit avgrensa område, og massane som skal fjernast er stein- og grusmassar. Det ligg ikkje føre opplysningar som gjev grunn til å tru at massane er ureina i eit slikt omfang at det er behov for ekstra tiltak.

Fylkesmannen finn heller ikkje at tiltaket vil vere til vesentleg skade eller ulempe for miljøet i høve til føringane som ligg i vassforskrifta og naturmangfaldlova.

Flora kommune, som planmyndigheit, vurderer at bruk av massane til utfylling ved Hesteneset er i samsvar med gjeldande kommuneplan, der området er avsett til fiskerihamn.

Vedtak

Med heimel i kapittel 22 i *forskrift om begrensning av forurensning*, § 22-6, gjev Fylkesmannen i Sogn og Fjordane STX Norway Florø AS løyve til å utføre mudrearbeid/fjerning av steinmassar nord for dokken ved verftet i Flora kommune i samsvar med søknad. Mudringsmassane kan nyttast til utfylling i vika ved Hesteneset i samråd med Flora kommune.

Løyvet gjeld frå d.d. og inntil 2 år. Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført innan denne tida, fell løyvet bort. Alternativt må søkjar i god tid søkje om forlenging av løyveperioden.

Vilkår for løyvet

1. Mudringsarbeidet skal gjerast på ein slik måte at finpartikulært materiale i minst moglege grad vert spreidd til omgivnadane.
2. Tiltaket skal gjennomførast slik at det ikkje oppstår unødige ulemper for andre eventuelle brukarinteressar i området. Tiltakshavar skal straks stogge arbeidet og melde frå til Fylkesmannen dersom det oppstår ulempe/skade som følgje av arbeidet.
3. Mudringsmassane skal handterast i samsvar med søknad. Dumpestad må vere avklart med Flora kommune etter hamne- og farvasslova.
4. Det skal utarbeidast ein sluttrapport med opplysningar om kor mykje massar som faktisk vart mudra (rekna i m³ eller tonn), og om plasseringa av massane (posisjon). Rapporten skal sendast Fylkesmannen seinast 6 veker etter at arbeidet er avslutta.

Gebyr for sakshandsaming

Etter *forskrift om begrensning av forurensning* (ureiningsforskrifta) kapittel 39, skal det betalast gebyr til statskassa for fylkesmannen sin behandling av søknader etter ureiningslova og forskrifter til denne. Varsel om gebyrbetaling for handsaming av søknaden vart gjeve i brev datert 09.11.2010. Vi har ikkje motteke merknader til varselet. På grunnlag

av opplysningane som er gitt, er behandlinga av søknaden plassert under gebyrsats 4, jf. §§ 39-3 og 39-4 i forskrifta. Det vil i utgangspunktet seie kr 19.600,-. Av di ressursbruken i denne saka er liten, vert gebyret redusert til 50% av dette, dvs. kr9.800,-.

Faktura med innbetalingsblankett vert ettersendt frå Klima- og forureiningsdirektoratet (tidlegare SFT). Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato.

Endring eller attendekalling av løyvet

Fylkesmannen kan gjere om eller setje nye vilkår for løyvet, eventuelt også trekkje løyvet attende, etter reglane i § 18 i ureiningslova.

Ansvar

Sjølv om løyve er gjeve, pliktar den ansvarlege å svare erstatning som måtte følgje av ureiningslova og av vanlege erstatningsreglar, jf. kapittel 8 og 10 i ureiningslova. Dette løyvet frittek ikkje søkjaren å hente inn nødvendige løyve eller samtykkje frå andre styresmakter eller private.

Om klageretten

Partane og andre med klagerett etter forvaltningslova kan klage over avgjerda innan 3 veker etter at avgjerda er motteken, jf. forvaltningslova § 29. Eventuell klage bør grunngjevast skriftleg, og den skal rettast til Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif). Klagen skal sendast via Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef

Grete Haugan
senioringeniør

Dokument som vert sendt elektronisk er godkjent og signert elektronisk av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Kopi pr. e-post: Kystverket
Fiskeridirektoratet
Flora kommune